



Kommunal- og moderinsjeringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Dato: 14.01.2014
Vår ref.: 2014/999-1
Dykkar ref. 13/2511-4:

Att. Hans Petter F. Gravdahl

Byrådet i Bergen sin førespurnad om å overta drifta av dei vidaregåande skulane i Bergen

1. INNLEIING

Fylkesrådmannen viser til Kommunal- og regionaldepartementet sitt brev av 3. desember 2013. Hordaland fylkeskommune er beden om å gje ei vurdering av Byrådet i Bergen sin førespurnad av 29.oktober 2013 om å overta drifta av dei vidaregåande skulane i Bergen kommune. Frist for å oversende ei førebels skriftleg vurdering av førespurnaden er etter avtale utsett til 15. januar 2014.

2. BERGEN KOMMUNE SITT BREV AV 29. OKTOBER 2013

Bergen kommune har ved brev av 29. oktober 2013 til Kommunal- og regionaldepartementet bede om "å få overta driften av de videregående skoler i Bergen kommune". I si grunngjeving for førespurnaden opplyser kommunen at dei i enda større grad enn i dag vil vere i stand til å gje elevane eit heilskapleg skuleløp tilpassa den einskilde, med best mogeleg læringsutbyte som resultat. Bergen kommune argumenterer med at dei har ein robust organisasjon og eit sterkt fagmiljø som vil vere i stand til å drifte og ha ansvaret for dei vidaregåande skulane, og ha ei tydeleg utøving av skuleeigarskapet.

Bergen kommune opplyser til slutt i brevet at dei ser for seg at overtaking tidlegast kan finna stad i 2015, og at kommunen vil etablere ein prosjektorganisasjon for å utarbeide ein plan for overtakinga.

Bergen kommune har ikkje vist til Lov om grunnskulen og vidaregåande opplæring eller Lov om forsøk i offentleg forvaltning. I brevet er heller ikkje kommunen sine planar for gjennomføring av ei forsøksordning eller korleis overtakinga er tenkt gjennomført som eit tidsavgrensa forsøk, omtalt. Kommunen sitt fokus er retta mot ønsket om å ha ansvaret for heile utdanningsløpet – frå barnehage til og med vidaregåande skule.

I brev av 14. november 2013 til Bergen kommune har Kommunal- og regionaldepartementet presisert at departementet legg til grunn at kommunen sin førespurnad dreier seg om eit ønske om godkjenning av eit forsøk etter Lov om forsøk i offentleg forvaltning.

Bergen kommune sin førespurnad tek ikkje opp relevante vilkår for å overta drifta av dei vidaregåande skulane i Bergen som eit ledd i ei forsøksordning. Det er difor vanskeleg å gje ei full vurdering av kommunen sin førespurnad. Fylkesrådmannen finn det difor høveleg å gje ei kort oversikt over nokre faktiske forhold knytta til eksisterande skulestruktur, elevtal, geografisk spreiding m.m. i den vidaregåande opplæringa i Hordaland fylkeskommune pr i dag (punkt 3). Fylkesrådmannen kommenterer deretter nokre aktuelle problemstillingar i relasjon til sjølve heimelsgrunnlaget (forsøksordning), jfr punkt 4. Vidare er det naudsynt å kome med nokre kommentarar til kommunen si spesifisering av kva som skal vere den saklege avgrensninga for overtakinga (ansvar for drift av vidaregåande skular). Dette er omtala i punkt 5.

3. OVERSIKT OVER VIDAREGÅANDE OPPLÆRING I HORDALAND

Hordaland fylkeskommune har i dag ein skulestruktur som ikkje tek omsyn til kommunegrensene. Det er totalt 45 vidaregåande skular i Hordaland. 21 av desse ligg i Bergen kommune. Det samla elevtalet ved dei vidaregåande skulane i Hordaland er om lag 17.000. Om lag 8.400 eller 49 % av elevane er busett i Bergen kommune. Om lag 55 % eller 9.500 av elevane i dei vidaregåande skulane i Hordaland går på skular som er lokalisert i Bergen kommune. Til saman er om lag 1.600 eller 17 % av elevane ved dei vidaregåande skulane i Bergen busett i andre kommunar enn Bergen. Om lag 6 % eller 550 elevar busett i Bergen kommune går på skular som er lokalisert utanfor Bergen.

Gjennom dei siste åra er det gjennomført ein omfattende prosess i Hordaland fylkeskommune der skule- og tilbudsstrukturen har vore gjenstand for vurdering. Det har vore eit klart og uttalt mål å byggje opp større og meir robuste skuleeininger med eit sterkare fagmiljø.

Om lag 48 % av elevane ved dei vidaregåande skulane i Bergen kommune har valt studiespesialiserande utdanningsprogram; tilsvarande andel ved skular utanfor Bergen kommune er berre 32 %. Einingskostnadene for elevar ved studiespesialiserande utdanningsprogram er vesentleg lågare enn ved yrkesretta utdanningsprogram.

I Hordaland var det i skuleåret 2012/13 omlag 1.300 vaksne som starta i vidaregåande opplæring. Av desse var om lag 770 på kurs innan yrkesfaga. I gjeldande skulebruksplan er det vedteke å etablere tre vaksenopplæringsssentra i fylket organisert under dei tre vidaregåande skulane Bergen katedralskole, Nye Voss Gymnas og Stord vidaregåande skule. Det er lagt til grunn stor grad av fleksibilitet og samarbeid over kommunegrenser og rasjonell utnytting av ressursar i heile fylket innanfor vaksenopplæringa.

Fylkeskommunen har etter opplæringslova også ansvar for opplæring av barn og unge i sosiale og medisinske institusjonar. For å møte dette ansvaret er undervisninga organisert som eigne avdelingar ved nokre vidaregåande skular. Fylkeskommunen har vidare ansvar for undervisning i fengsel. I dag er det etablert eit opplegg med fengselsundervisning ved Bergen fengsel i regi av Åsane vidaregåande skole.

Fagopplæringa er ein sentral og integrert del av den vidaregåande opplæringa i Hordaland. Elevandelen som vel eit yrkesfagleg utdanningsprogram og har fag- eller sveinebrev som mål, er hv 41 % i Bergen kommune og 56 % i rest-Hordaland. Fagopplæringa byggjer på eit treparts-samarbeid mellom partane i arbeidslivet og det offentlege. I Hordaland er det til saman om lag 40 opplæringskontor, og desse står sentralt i tilrettelegging og organisering av lærlingordninga. Om lag 68 % av lærekontraktane går via opplæringskontor. Det er i dag eit nettverk med arbeids- og næringsliv for å koordinere dimensjonering av utdanningstilbod og tilrettelegging av læreplassar i fylket.

Hordaland fylkeskommune har tre fagskular. Ein av desse er lokalisert ved ein vidaregåande skule i Bergen; Bergen maritime fagskole lokalisert ved Bergen maritime vidaregåande skole. I tillegg driv Bergen tekniske fagskole med fagskuleutdanning ved fleire vidaregåande skular i Hordaland. Den maritime utdanninga både ved fagskule og vidaregåande skule krev sertifiserte kvalitetssystem og stiller særskilde krav til undervisningskompetanse og undervisningsmateriell (lokalitetar, utstyr osv). Strukturen byggjer på eit tett og nært samarbeid mellom fagskule og vidaregåande skule, herunder bruk av felles utstyr, delvis felles skuleleiing og undervisningspersonell m.m.

Det er om lag 3.900 tilsette i opplæringssektoren i Hordaland fylkeskommune. Dei pedagogisk tilsette utgjer om lag 2.900. Om lag 1.500 av dei pedagogisk tilsette arbeider ved skular i Bergen kommune. Ved opplæringsavdelinga i fylkeskommunen er det om lag 140 tilsette.

4. HEIMELSGRUNNLAGET

4.1 Lov om forsøk i offentlig forvaltning ("Forsøksloven")– lov 26.6.1992 nr 87

4.1.1 Formålet med forsøk

Det følgjer av § 1 i forsøkslova at føremålet med lova er å utvikle funksjonelle og effektive organisasjons- og driftsformer i den offentlege forvaltninga og ei hensiktsmessig oppgåvedeling mellom forvaltningsorgan og mellom forvaltningsnivå. Godkjenning skal berre verte gjeven i samband med forsøk som tek sikte på å oppfylle dei måla som er sett i § 1 og som for øvrig er forsvarleg og fagleg vel underbygde.

Av forarbeida til lova (Ot.prp. nr 54 1991-92) s 19 vert det halde fram at forsøksverksemd er kjenneteikna ved at eit begrensa tal forsøkseiningar er involverte, at forsøka vert gjennomført i ein avgrensa tidsperiode, og at forsøka er bevisst iverksette tiltak innretta mot eit definert mål. *"Et hovedsikttemål med forsøk er læring og fremskaffelse av konkret erfaringsmateriale som grunnlag for allment reformarbeid"*.

Departementet understreka også i lovforarbeida at ein føresetnad for at eit forsøk skal gje læring og erfaringsbasert materiale som er tenleg som vedtaksgrunnlag, er at det ligg føre eit systematisert opplegg for evaluering av forsøksverksemda. *"I neste omgang er det viktig å utvikle rutiner som sikrer faktisk bruk av forsøkserfaringer og evalueringsmateriale..."*

4.1.2 Behov for klargjering av målet med forsøksordninga

I Bergen kommune sin førespurnad til Kommunal- og regionaldepartementet av 29.10.2013 går det ikkje fram at det gjeld ei midlertidig endring som ledd i ei forsøksordning. Førespurnaden gjer difor heller ikkje greie for kva som skal vere gjenstand for eit forsøk og korleis Bergen kommune ser for seg at ansvarsovertakinga skal verte gjennomført og evaluert, herunder kva som er målet med forsøket.

Hordaland fylkeskommune har i dag ansvaret for vidaregåande opplæring i heile fylket. Dersom eit forsøk skal kunne gjennomførast, er det likevel viktig at dette vert førebudd og evaluert i høve til verknadene for alle elevar, alle skular, alle tilsette og det samla fag- og kompetansemiljøet som er knytt til vidaregåande opplæring i heile Hordaland. Utan nærare informasjon om Bergen kommune sine planar er det vanskeleg å kommentere førespurnaden konkret. Eit eventuelt forsøk skal etter sin natur danne grunnlag for ei mogleg reform og ansvarsoverføring ikkje berre i Bergen kommune, men generelt i alle fylka i landet.

4.2 Midlertidig ordning

4.2.1 Tidsavgrensning – forsøkslova § 3

Eit forsøk skal vere tidsavgrensa, og utfallet av ei evaluering av forsøket kan anten verte at ein avsluttar og tilbakefører til normalordning, eller at ein opprettheld forsøksordninga som ledd i ei generell reform. At forsøksordninga skal vere midlertidig og at utfallet kan bli tilbakeføring til tidlegare ordning (ansvarsfordeling), inneber at forsøket ikkje kan gjennomførast slik at det heilt eller delvis er irreversibelt.

4.2.2 Set ramme for gjennomføring i forsøksperioden

Forarbeida til forsøkslova peikar på behov for å etablere rutinar som ikkje skaper unødige overgangsproblem for dei organa og den verksemda som forsøka gjeld. Det bør difor ikkje leggast opp til ein situasjon der ein avsluttar forsøksperioden og tilbakefører til normalordning for så å summere opp, evaluere og konkludere. Dette inneber at det i forsøksperioden må vere lagt inn ein evalueringsfase med påfølgjande konklusjon.

4.3 Oppsummering

På generelt grunnlag vil Hordaland fylkeskommune trekkje fram at det er nødvendig å ta stilling til følgjande problemstillingar i samband med avgjerd om eit forsøk skal setjast i verk:

- Kva er målet med forsøket. Dette må eventuelt verte konkretisert og identifisert nærare før det vert sett i gang førebuing av ein forsøksperiode.
- Kor omfattande skal ansvarsoverføringa vere for å kunne etablere grunnlag for ei reell evaluering. Er det forsvarleg og/eller nødvendig å gjennomføre eit forsøk som omfattar alle skular, eller vil eit avgrensa tal skular vere meir høveleg. Frå eit fylkeskommunalt og nasjonalt perspektiv vil det vere relevant å få svar på kva for verknad ei eventuell overføring av ansvar for vidaregåande opplæring til kommunalt nivå vil ha i andre kommunar enn i dei største bykommunane. Ei forsøksordning må eventuelt verte lagt til rette med sikte på evaluering av slike verknader.
- Når det gjeld omfangsspørsmålet, må det også takast stilling til om alle sider ved fylkeskommunen sitt ansvar etter opplæringslova skal overførast til Bergen kommune (herunder alle sider ved yrkesretta opplæring og fagopplæring, spesialundervisning, PPT, skuleskyss, institusjonsundervisning og andre forhold som kort er berørt i punkta 3 og 0).
- Dersom ein forsøksperiode skal munne ut i ei evaluering, må det liggje føre eit samanlikningsgrunnlag. Før ei forsøksordning må det difor gjerast ein analyse og vurdering av status quo ("nullpunktsmåling") som gjev grunnlag for å konstatere og evaluere endringar som følgje av forsøket.
- Ei forsøksordning som skal danne grunnlag for ei generell reform må byggje på ei fagleg forsvarleg, relevant og objektiv vurdering. Det er difor viktig å fastsetje kva som skal evaluerast, kven som skal evaluere og dessutan gjennomføring og finansiering av evalueringa.
- Det vil vidare vere nødvendig å setje konkrete retningslinjer for dokumentering av erfaringar hausta under forsøket med sikte på ei forsvarleg og fagleg fundert evaluering.

- Det vil eventuelt vere særskilt behov for å regulere overgangsordningar, herunder at alle elevar er sikra rett - og at det er praktisk mogeleg for dei - å fullføre utdanningar dei er i gang med, vidareføring av byggjeprojekt, avrekningar og pro & contra-oppgjer der dette er aktuelt m.m.
- Evaluering av verknaden for elevar, skular og tilsette som ikkje høyrer til i Bergen kommune, må inngå i eit eventuelt forsøksprosjekt.

5. KVA SOM SKAL VERE GJENSTAND FOR OVERFØRING

5.1 "Overta driften av de videregående skolene i Bergen..."

Som peika på over har Bergen kommune nytta litt ulike formuleringar for å omtale kva delar av fylkeskommunen sitt ansvar ein ønskjer å få overført. I overskrifta er det nemnt at ein ønskjer å overta "driften av de videregående skolene". Seinare i brevet er det omtalt som "overtakelse av driftsansvaret", ønskje om å ha "samme eier" for både barnehage, grunnskule og vidaregåande skule, og dessutan som ønskje om å ha ansvaret for dei vidaregåande skulane og ha tydeleg "eierskapsutøvelse".

Før vi kommenterer kort kva som potensielt ligg i kommunen sin førespurnad – og som difor må verte regulert og ivareteke i ei eventuell forsøksordning – er det føremålstenleg å sjå nærare på det samla ansvaret som fylkeskommunen har.

5.2 Reguleringa i Opplæringslova

5.2.1 Elevrettar. Opplæringslova § 13-3, jfr kap 3-5

Det følgjer av Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæring (lov 17.7.1998 nr 61) § 13-3 at

Fylkeskommunen skal oppfylle retten til vidaregåande opplæring etter denne lova for alle som er busette i fylkeskommunen

Det vert lagt til grunn at Bergen kommune sin førespurnad må sjåast på som ein førespurnad om å ta over heile det praktiske og pedagogiske opplæringsansvaret som fylkeskommunen har, og skal gjelde alle aktuelle elevgrupper. Dette må likevel klargjerast.

Opplæringslova [med forskrifter] fastset kva rettar dei ulike elevgruppene har til vidaregåande opplæring. Opplæringslova er ein rettslov med klare pedagogiske plikter for skuleeigar til eit treårig utdanningsløp med tilpassingar, ulike former for praktisk og pedagogisk tilrettelegging m.m. Fylkeskommunen sitt opplæringsansvar omfattar for det første retten til vidaregåande opplæring slik det er regulert i opplæringslova § 3-1 (ungdom som har fullført grunnskule eller tilsvarande opplæring) og § 4-3 A (vaksne over 25 år med fullført grunnskule, men som ikkje har vidaregåande opplæring). Opplæringsansvaret omfattar også elevgrupper med særskilde behov og rettar, t.d. elevar med rett til vidaregåande opplæring i og på teiknspråk (§ 3-9), blinde eller sterkt svaksynte elevar som har rett til opplæring i punktskrift og opplæring i bruk av nødvendige tekniske hjelpemiddel (§ 3-10). Elevar i vidaregåande opplæring med eit anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskilt norskopplæring, og dei same elevane har om nødvendig krav på tospråkleg fagopplæring. Det er krav om kartlegging av elevane sine norskkunnskapar, og det kan i visse tilfelle ligge plikt til å organisere særskilt opplæringstilbod for nykomne elevar i egne grupper (§ 3-12).

Opplæringsansvaret inneber vidare at det vert tilbydd opplæring som gjev studiekompetanse, yrkeskompetanse eller grunnkompetanse. Fylkeskommunen har plikt til å gje tilbod om opplæring som lærlingar og lærekandidatar ikkje kan få i lærebedrift (§ 3-3).

Opplæringsansvaret for vidaregåande opplæring betyr at det må sytast for at departementsfastsette retningslinjer for innhaldet i og omfanget av undervisningstilbodet må haldast; herunder retningslinjer for vurdering av elevane, eksamensanordningar, klageordningar, krav til dokumentasjon, vurdering av enkeltelevar si tidlegare opplæring og/eller praksis m.m. Læreplanar skal liggje til grunn for undervisninga, og den einskilde skule skal organiserast i høve til forskrifter fastsett av departementet.

Opplæringslova pålegg også fylkeskommunen å ha ei oppfølgingsteneste for ungdom som har rett til opplæring etter opplæringslova § 3-1, men som ikkje er i opplæring eller arbeid (jfr opplæringsl. § 3-6).

Fylkeskommunen sitt ansvar for vidaregåande opplæring i bedrift etter opplæringslova kap 4 inneber i tillegg til ansvaret for sjølve opplæringa også ansvar for godkjenning av lærebedrifter, rettleiing, kontroll og oppfølging av rapportering frå dei same bedriftene.

Etter opplæringslova kap 5 har fylkeskommunen ansvar for tilrettelegging av spesialundervisning, etablering av pedagogisk-psykologisk teneste mm.

Ei eventuell overtaking av skuleeigarrolla for vidaregåande opplæring i Bergen kommune vil i utgangspunktet måtte omfatte alle dei ulike pliktene som fylkeskommunen har etter opplæringslova, og som det er gitt nokre døme på ovanfor. Det vil vere naturleg at omtalen av eit forsøk gjer greie for kva som er dei konkrete måla under dei einskilde elementa av det samla ansvaret.

5.2.2 Geografisk avgrensning

Ansvaret er i dag avgrensa geografisk slik at fylkeskommunen er forplikta til å oppfylle retten til vidaregåande opplæring for alle som er busett i fylket. Dette inneber at det vil vere mange elevar i Hordaland fylkeskommune med kommuneoverskridande skulereiser.

Dei utfordringar som ligg i at fylkeskommunen i dag har etablert ein skulestruktur som føreset at opplæringstilbod i betydeleg grad vert tilbydd på tvers av kommunegrenser, vil måtte omtalast og regulerast i ei eventuell forsøksordning.

5.3 Arbeidsgjevarforpliktingar

Dersom det samla opplæringsansvaret for dei vidaregåande skulane i Bergen midlertidig skal overførast til kommunen, legg ein til grunn at det vil vere ein sentral føresetnad at også arbeidsgjevaransvaret for undervisningspersonell og dessutan lokal og sentral administrasjon vert overført til kommunen. Dette har samband med at kommunen vil ha behov for å utøve styringsretten for å kunne gjennomføre nødvendige tilpassingar, endringar, omplasseringar, oppseiingar, tilsettingar m.m.

Då det vil vere tale om ein midlertidig forsøksperiode, vil det ikkje liggje føre ei endeleg verksemdsoverføring i arbeidsmiljølova si tyding. Det vil kunne oppstå ei rekkje spørsmål knytt til dei berørte tilsette sine rettar og plikter til å få tilsettingsforholdet einssidig endra på denne måten. Forholdet til dei tilsette må difor avklarast i samband med eventuell fastsetting og godkjenning av ei forsøksordning.

Det må også sikrast at Hordaland fylkeskommune ikkje har noko reelt arbeidsgjevaransvar overfor dei tilsette i forsøksperioden.

Endeleg må det vere klare rettslege rammer og tryggleik for at Hordaland fylkeskommune ikkje vil kunne verte påført eit husbondansvar (rettsleg erstatningsansvar) for dei tilsette sine skadegjerande handlingar overfor tredjepart.

Det må vidare ikkje implementerast ein integrasjon eller anna organisering av tilsette som umogleggjer eller i praksis hindrar ei reversering etter ein eventuell forsøksperiode.

For Hordaland fylkeskommune vil det vere av sentral betydning å finne fram til ei ordning i ein forsøksperiode som ivaretek både fylkeskommunen og dei einskilte tilsette sine interesser. Det vil særleg aktualisere seg spørsmål om organisering og bemanning av sentraladministrasjonen i fylkeskommunen (opplæringsavdelinga, stabsfunksjon) og sentraliserte funksjonar knytt til eigedomsdrift (vaktmestertjenester, vedlikehald m.m). For fylkeskommunen må det vere ein føresetnad at opplæringstilbodet i resten av fylket vert oppretthalde, og at bemanning og økonomisk uttrekk i forsøksperioden ikkje svekkjer tilbodet for øvrige elevar i fylket.

5.4 Infrastruktur. Undervisningsbygg m.v.

5.4.1 Eiendomsrett til eigedomsmasse

Det vil vere lite føremålstenleg å overføre heimel og eigedomsrett til skule- og undervisningsbygg til Bergen kommune i ein forsøksperiode. Dette vil krevje ein omfattande registrerings- og dokumentasjonsprosess. Ei formell overdraging vil også aktualisere verdispørsmål, kompensasjon, og utløyse betydeleg dokumentavgift med mindre det vert gitt unntak.

Dersom resultatet av forsøket blir at eigedomsmassen skal tilbake til fylkeskommunen, vil mykje av dei same oppgåver og kostnader påløpe ved reversering.

5.4.2 Status ved start av forsøk.

Ein forsøksperiode føreset at kommunen som utgangspunkt vil måtte disponere skule- og undervisningsbygg som vert nytta til vidaregåande opplæring i Bergen kommune. Det vert vurdert slik at kommunen kan disponere eigedomsmasse i kraft av leigeavtalar med fylkeskommunen der føresetnader med omsyn til leige, utgiftsdekning, kapitalkostnader, bygningsmessig vedlikehald i forsøksperioden m.m. vert regulert. For å unngå tvil om bygningsmassen sin status på starttidspunktet må det utarbeidast grundige tilstandsrapportar. Føresetnaden må vere at bygningsmassen vert tilbakelevert i same stand dersom konklusjonen av forsøka blir at opplæringsansvaret skal tilbakeførast til fylkeskommunen.

5.4.3 Avgjerder – disponeringar i forsøksperioden

Det vil kunne oppstå situasjonar i forsøksperioden der kommunen ønskjer å leggje ned skular, føreta bruksendring, gjere større ombyggingar grunngjevne i endra behov, ta i bruk nye pedagogiske modellar m.m. I den grad dette vert aktualisert, oppstår det spørsmål om kven som skal ha avgjerdskompetanse, ta kostnader/finansiering ved tilbakeføring etter avslutta forsøk mm. Dette må regulerast i vilkåra for oppstart av forsøksperiode.

6. VERKNADER FOR HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen viser til det samla biletet av opplæringsansvaret til Hordaland fylkeskommune under punkt 3.

Overføring av alle dei 21 vidaregåande skulane i Bergen frå Hordaland fylkeskommune til Bergen kommune vil ha omfattande følgjer for Hordaland fylkeskommune som skuleeigar og ansvarleg for det samla tilbodet til elevane i fylket. Skulestrukturen er desentralisert, og det vil han også vere i åra framover. Gjennom arbeidet med Skulebruksplanen 2012-2025 er det gjort vedtak om skule- og tilbodsstruktur som føreset regional samordning. Bergen er heilt avgjerande både for tilbodet i regionen Stor-Bergen og samla breidde av tilbod til elevane i Hordaland. Å rykke skulane i Bergen ut av heilskapen kan ha negativ verknad på prinsippet om lik tilgang til opplæring.

Med tanke på rasjonell drift og bruk av kompetanse er ein robust skulestruktur viktig. Storleiken på skulane er i denne samanheng eit sentralt parameter. Etter vedtaka i Skulebruksplanen 2012-2025 ligg det føre planar om samlokalisering, nybygg og moderniseringar i høve til eksisterande bygningsmasse. Hordaland fylkeskommune vil ikkje ha noko anna val enn å omstrukturere dei skulane som blir igjen når (dersom) skulane i Bergen går ut. Dette vil påverke planlegging, utbygging og samla kostnader. Det er lett å sjå for seg ein fleirårig fase kjennteikna av ubalanse mellom behov og tilgang på eigna skulebygg.

Ein regionalt forankra skulestruktur er framtidsretta. Faren er stor for at dei skulefaglege miljøa utanfor Bergen blir utarma medan prosessen fram mot ei kommunereform går sin gang. Ei slik reform vil uansett påverke både kapasitet og skulestruktur, og det mest fornuftige vil vere å ta eit samtidig og samordna grep for heile fylket ved innføring av ny kommunestruktur.

Fylkestinget i Hordaland er ikkje positive til eit forsøk med å overføre skoleeigaransvaret for skolane i Bergen til kommunen. I samband med drøftingar i fylkestinget, handsaminga av oppgåvefordeling og regionreforma var det eit tydeleg fleirtal mot ein oppsplitting av skoletilbodet. Haldninga er at forsøket vil gje elevane eit dårlegare tilbod enn dei får i dag, og gjere det vanskelegare å gjennomføre eit heilskapleg opplæringsløp. Fylkestinget er og bekymra for korleis dette vil verke inn på fagtilbodet i yrkesopplæringa, fritt skoleval og dimensjoneringa av dei ulike programområda.

7. AVSLUTTANDE MERKNADER

Fylkesrådmannen understrekar at dei forhold som er berørt i dette brevet, ikkje er meint å vere uttømmande og endelege. Dersom departementet er positiv til at det skal gjennomførast ei forsøksordning med overføring av dei vidaregåande skulane i Bergen frå Hordaland fylkeskommune til Bergen kommune, vil ei rekkje avklaringar måtte skje i ein kartleggings- og planleggingsprosess.

Då føremålet med ei eventuell forsøksordning nødvendigvis må vere å evaluere grunnlaget for ei meir generell reform, med endra ansvar for den vidaregåande opplæringa i Norge, er det fylkesrådmannen si oppfatning at initiativ, organisering, finansiering og det overordna ansvaret for eit eventuelt forsøk bør liggje på nasjonalt nivå. I dette ligg også val av sakleg, fagleg og geografisk omfang, herunder vurdering av kva for kommunar og skular som er best eigna for ei forsøksordning.

Med vennleg helsing

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring